



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kjell Hegna, 55 57 22 09

Vår dato 06.08.2007

Dykkar dato
06.08.2007

Vår referanse
2007/8514 561
Dykkar referanse
NVE200707013-3rv/las

Norges vassdrag- og energidirektorat
Postboks 53
6801 Førde

Minikraftverk i Indre Jåstadelva og Kvernhusbekken i Ullensvang herad Vurdering av konsesjonsplikt

Vi viser til brevet dykkar av 06.08.2007 og til synfaring i området i oktober 2007.

Kort om prosjektet

Det planlagde prosjektet omfattar inntak i Indre Jåstadelva på kote 270 for overføring til Kvernhusbekken til inntaket her på kote 260. Kraftstasjonen skal byggast på kote 7, og vatnet vil verte ført tilbake til det naturlege elveleiet for Indre Jåstadelva oppstarums utlaupet i Sørfjorden. Overføringsrøyrret frå Indre Jåstadelva til Kvernhusbekken vert på 140 m og vil verte skjult i terrenget. Røyrkata frå inntaket i Kvernhusbekken ned til kraftstasjonen vert på 860 m, og vert grave ned på mesteparten av strekninga. Inntaksterskelen i Indre Jåstadelva vert 1 m høg og 8 m lang, medan inntaksdammen i Kvernhusbekken vert 3 m høg og 15 m brei.

Kraftstasjonen vil ha ei installert effekt på 0,999 MW (999 kW). Planlagd årsproduksjon er 4,43 GWh, og det er rekna med ei årleg driftstid på 7900 timar. Alminneleg lågvassføring er berekna til 6 l/s i Indre Jåstadelva og 4,6 l i Kvernhusbekken. Ved drifta av kraftverket vil både dei påverka strekningane få ei lågvassføring på 6 l/s.

Det er ikkje planen å byggje ny veg i samband med kraftanlegget: Det er allereie tilkomstveg til kraftstasjonsområdet, og røyrkatetraseén vil verte brukt som mellombels anleggsveg for bygginga av resten av anlegget. Kraftstasjonen skal koplatt til eksisterande høgspennnett med ny 450 m 22 kV jordkabel i røyrkatetraseén.

Fylkesmannens vurdering av prosjektet

Etter § 8 i vassressurslova skal NVE vurdere om tiltaket er av eit slikt omfang for allmenne interesser at konsesjonshandsaming er turvande. Etter etablerte prosedyrar for sakshandsaming skal fylkesmannen uttala seg om inngrepet og korleis det verkar inn på allmenninteressene. Vi syner i denne samanhengen til brev frå NVE av 14.05.2004 om vurderingstema og prosedyrar for vurdering av konsesjonsplikt for små kraftverk.

Fisk og biologisk mangfald

Etter vurderinga til Fylkesmannen er dei påverka elvene/ bekkane så små til at det truleg ikkje er fiskebestandar der i dei øvre delane.

Ved utlaupet til Sørfjorden er likevel Indre Jåstadelva flat, og har eit område på nokre få kvadratmeter med gyttegrus oppstraums flo-fjoresona. Her er det truleg litt reproduksjon av sjøaure, og det vart observert aureyngel under synfaringa i oktober. Det er derfor viktig at utlaupet frå kraftverket vert lagt inst/ øvst i dette området, om lag slik det er skildra i søknaden om konsesjonsfritak.

Det er lite truleg at raudlisteartar vert påverka av utbygginga.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde (INON)

Både Indre Jåstadelva og Kvernhusbekken er relativt små og lite synlige i landskapet. Område verna etter naturvernloven vert ikkje påverka av utbygginga. Friluftslivet i området er ikkje omfattande. Omfanget av inngrepsfrie naturområde (INON) vil ikkje verte påverka av utbygginga.

Forureining og støy

Tiltaket vil ikkje endra forureiningssituasjonen i vassdraget. Støyulemper er ikkje vurdert.

Det er viktig at det ikkje vert sleppt ut sement og/ eller giftige kjemikalium i elvene/ bekkane under bygginga av kraftverket. Slike utslepp kan drepe fisk og anna liv i vatnet, og er ikkje tillate etter forureinsningslova/ laks- og innlandsfiskelova. Vi har sett fleire døme på at livet i elva har blitt slått ut under sjølve byggeprosessen, og vil peike på at sjølv skyljing av sement-utstyr i bekken kan vere nok til å gje stor skade.

Plan- og bygningslova

Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan for Ullensvang herad. Dette vil m.a. seia at alle inngrep (inntaksdam, røyrgate, kraftstasjon, vegar m.m.) som ikkje har tilknytning til jord- og skogbruk, anten må ha dispensasjon frå gjeldande kommuneplan med føresegner, eller det må lagast eigen reguleringsplan.

Det er kommunen som skal handsame utbygginga etter plan- og bygningslova. Fylkesmannen er høyringsinstans i alle dispensasjonssaker etter denne lova.

Etter opplysningar frå kommunen er utbyggingsområdet eit godt bevart kulturlandskap. For ikkje å øydeleggje for heilskapen i området, må tiltak i dette området verte nøye planlagd og utførast på eit skånsamt vis. Det er kommunen sitt ansvar å sjå til at dette vert gjort når prosjektet vert handsama etter plan- og bygningslova.

Konklusjon

Etter det Fylkesmannen kan sjå er det små konfliktar i forhold til dei vurderte allmenne interessene i samband med bygginga og drifta av minikraftverket i Indre Jåstadelva/ Kvernhusbekken i Ullensvang herad. Fylkesmannen vil derfor ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjonsfritak for bygginga av kraftverket slik det er skildra i søknaden.

Med helsing



Kjell Kvingedal e.f.
seksjonsjef



Kjell Hegna
rådgjevar

Gjenpart:

- Sjur K.Jaastad, Jåstad, 5777 Grimo
- Ullensvang herad, 5780 Kinsarvik
- EnergiTeknikk AS, Kopakaien, 5464 Dimmelsvik
- Direktoratet for naturforvaltning, 7485 Trondheim